

Fitjar Kommune

► Planomtale detaljregulering Øvrebygda oppveksttun

Detaljregulering
Plan-ID 202405

Oppdragsnr.: 52408714 Dokumentnr.: ARP12 Versjon: J03 Dato: 2026-02-10



Oppdragsgiver: Fitjar Kommune
Oppdragsgivers kontaktperson: Louise Pettersen
Rådgiver: Norconsult Norge AS, Haugesund
Oppdragsleder: Svanhild Irene Lygre Andersen
Fagansvarlig: Marte Ness Aarak
Andre nøkkelpersoner: Anne Tove Græsdal Tornes Våge, Anne Margrethe Myhre

Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
1	22.10.2025	Planskildring	svaand	Maarak/anmmmy	svaand
2	18.11.2025	Planskildring	svaand		
3	10.02.2026	Planskildring	svaand	maarak	svaand

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

► Samandrag

Norconsult Norge AS, Haugesund er engasjert av Fitjar kommune som plankonsulent for å utarbeida detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun (plan-ID 202405). Siktemålet med planarbeidet er å regulera eksisterande skuletomt for Øvrebygda barneskule og avsette deler av planområdet til barnehage, som er nytt føremål på området. Området vert samstundes etablert som oppveksttun for småskule (1-4 kl.) og barnehage, med naudsynt uteareal.

Planforslaget medfører ikkje noko utviding av eksisterande skuletomt. Den største endringa på området for eksisterande skule, er oppgradering av uteområde og oppføring av nytt modulbygg for ny barnehage.

Hovuddelen av planområdet er i dag i bruk til barneskule i Øvrebygda, med tilhøyrande uteareal og parkeringsplassar. I mars 2025 vart det avklara kva konseptval for utvikling av skuletomta kommunen ønska å gå vidare med. Det vart vald konsept 4a for utbygging og oppgradering av skuleområde. Avgjersla med det konseptet fører til at ein skal riva det eldste skulebygget «Gamleskulen». Det vart beslutta oppføra eit modulbygg som skal vera for den nye barnehagen ein har bestemt å ta inn på oppveksttunet, og oppføra eit modulbygg på området, som skal vera for ny barnehagen (jf vedtak i formannskap 26.03.25 og kommunestyre 23.04.25). Når ein vel å innlemma barnehage i planområdet for oppveksttunet, vert det ført inn eit nytt føremål innanfor planen.

Den interne bruken av skulebygga og detaljeringa for uteopphaldsareal vert handtera i prosjekteringsfasen, saman med ei oppgradering og organisering av dei øvrige uteområda.

Det er gjennomført ei geoteknisk vurdering av eksisterande grunnforhold, utarbeidd ein rammeplan for VAO , ei ROS- analyse og ei enkel trafikk- og mobilitetsanalyse for planområdet. Alle nemnde notat er vedlegg til saka.

Det er ikkje kome fram særskilde problem for nokre av dei analysane som er utførte, men det er påpeika at tema må følgjast opp i vidare prosjektering for planområdet, då ikkje alle løysingane kjem fram i detaljreguleringsplan arbeidet.



► Innhald

1	BAKGRUNN	6
	Siktemål med planarbeidet	6
	Lokalisering og avgrensing av planområdet	6
	Bakgrunn for planarbeidet og siktemål med å detaljregulera området	8
	Eigarforhold planområdet	10
	Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar	10
2	PLANPROSESSEN	11
	Innleiande vurderingar av planforslaget	11
	Planprosess	11
3	PLANSTATUS OG FØRESETNADER	13
	Overordna planar og føringar	13
	Regionale føringar	14
	Kommunale føringar/ temaplanar	14
	Overordna planar	15
4	SKILDRING AV PLANOMRÅDET	16
	Lokalisering og dagens arealbruk	16
	Omliggande arealbruk	17
	Konseptutgreiing	18
	Uteopphaldsareal, støytilhøva og luftforureining	18
	Samferdsle/ Trafikktilhøve	19
	Teknisk infrastruktur	20
	Eksisterande vatn	21
	Eksisterande overvatn	21
	Forureining	21
	Flaum	21
	Luftkvalitet/ Luftforureining	22
	Vegetasjon	22
	Naturverdiar/ Naturmangfald/ Naturtypar	22
	Resultat av kartlegging av uteopphaldsområde	23
	Kulturminne	23
	Nylig registrerte artsfunn i/ ved planområdet	24
	Grunntilhøva	25
	Risiko og sårbarheit analyse (ROS)	25
5	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	27
	Særskilt om berekraftige løysingar	27

Generelle tilhøve på planområdet	27
Universell utforming	27
Folkehelse	27
Planlagd arealbruk	28
Bygga si plassering på området og eksisterande høgder på bygg	28
Arealbehova for oppveksttun	30
Bebyggelse og anlegg, §12-5. Nr.1 (m ²)	30
Modulbygg, for barnehage	30
Småskule 1- 4 klasse	30
Uterom og uteopphaldsareal, o_BAA og o_UTE1 og 2 (1900 og 1600)	30
Renovasjon, RA (1550)	31
Plan for renovasjon	31
Energianlegg, EA (1510)	32
Avløpsanlegg, AV (1542)	32
Landbruk, L (1510)	32
Omsynssone, §12-6. friskt (140)	33
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, §12-5. nr.2	33
Køyreveg, KV (2011)	33
Fortau, FO (2012)	33
Anna veggrunn - grøntareal, AVG, (2019)	33
Parkering, P (2080)	33
Sykkelparkering	34
Tilknytning infrastruktur vatn, avløp og overvatn	34
Teknisk infrastruktur AV, avløpsanlegg (1542)	34
Flaum	34
Overvatn	35
Støy	36
Luftforureining	36
Miljøoppfølging	36
Universell utforming	36
Plan for vass- og avløp, tilknytning til offentleg nett	36
6 Verknader av planføreslaget	37
Landskap/ terreng	37
Staden sin karakter	37
Utforming og estetikk	37
Omsyn til naboar	37
Naturmangfald	37
Kulturminne og kulturmiljø	37
Naturmangfaldlova	38
Friluftsliv og rekreasjon	38
Uteområde	38
Økonomiske konsekvensar for kommunen	39

7	Innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeid	40
8	VEDLEGG	41

1 BAKGRUNN

Siktemål med planarbeidet

Intensjonen med planarbeidet er å følgja opp vedteken sak i kommunestyret om ny løysing for å oppretthalda barneskule og barnehage i Øvrebygda. Den eksisterande skulen på området er ikkje regulert, og det er naudsynt å regulera området då det vart bestemt å ta inn eit nytt føremål, barnehage i same området. Hovudsiktemålet med planarbeidet er å regulera planområdet for eksisterande barneskule Øvrebygda, til Øvrebygda oppveksttun, og inkludera barnehage på planområdet. Samstundes vert klassetrinna 5-7 klasse flytta til annan skule, Rimbareid.

Eigar av området som inngår i planområde er Fitjar kommune og til dels Vestland fylkeskommune som vegeigar av fylkesveg 5070, Koløyvegen, som går til og ved oppveksttunet.


Lokalisering	Øvrebygda, Innkøyring frå Fv. 5070 Koløyvegen
Gjeldande planstatus	Uregulert, LNF -føremål i gjeldande kommuneplan
Planområdets storleik	Tot. Areal ca 14,4 daa
Tiltakshavar	Fitjar kommune
Plankonsulent	Norconsult Norge, AS, Haugesund
Hovudføremål med ny plan	Øvrebygda oppveksttun - småskule og barnehage
Aktuelle problemstillingar	VAO-anlegg, renovasjon, krav til LARK på utomhusplan
Krav om konsekvensutgreiing	Nei jf Konsekvensutgreiingsforskrifta §§ 6,7 og 8
Oppstartsmøte	Ja, november '24 og jan 25
Planinitiativ	Nei
Varsel om oppstart	Kommunen varsla sjølv oppstart av planarbeid, november 2024.

Lokalisering og avgrensing av planområdet


Planforslaget omfattar areala for eksisterande Øvrebygda barneskule, med tilhøyrande areal for avkøyrslø frå Koløyvegen, (Fv 5070), parkeringsplass, utomhusareal og uteoppfallsareal, infrastruktur.

Fitjar kommune er forslagsstillar for planforslaget og kommunen eig planområdet gbnr. 50/11 + 50/43, med dagens Øvrebygda skule. Eigedom og tilgrensande areal er i dag skuleområde for barneskule 1-7 klasse. Dei eigedomane som vert omfatta av planarbeidet for Øvrebygda oppveksttun er gnr/bnr 50/1, 50/2, 50/11, 50/30, 50/36, 50/43, 50/163 og 51/3 heilt eller delvis i Øvrebygda, Fitjar kommune. Gjeldande eigedommar ligg i Øvrebygda, ca 8 Km frå Fitjar sentrum, omtrent midt i kommunen, og området som skal regulerast er ca 14,4 daa.

Vestland fylkeskommune er vegeigar av Fv 5070, Koløyvegen.



Figur 1: Lokalisering av planområdet.



Figur 2 Planområdet ortofoto (kommunekart) – tag viser plasseringa i kommunen.

Næraste nabo

Næraste nabo til skuleområdet, mot vest, er landbrukseigedommar i drift. Dei tilgrensande områda er naboar som eig kvar sine parsellar tett på planområdet – tilgrensande eigedom i vest er landbrukseigedom i drift på gnr 50 bnr 2. Nabo vest for den eigedom er og ein landbrukseigedom, i drift, Vastølen på gnr 50 bnr 1, mot sør aust – 51/3, ein landbrukseigedom.

Bakgrunn for planarbeidet og siktemål med å detaljregulera området

Fitjar kommune gjorde vedtak om å etablere Øvrebygda oppveksttun med barnehage og 1-4 klasse ved nåverande Øvrebygda oppveksttun, i juni 2024, og området må difor regulerast til føremålet.

Kommunestyret vedtok i møte 20.6.2024 at det skal etablerast oppveksttun med natur og friluftspil der dagens Øvrebygda skule ligg. Oppveksttunet skal vera for barnehage og skuletrinna 1-4 klasse. Storleik vart vurdert til 40 barnehageborn og 40 skuleborn.

Arbeidet med detaljreguleringsplanen er i samsvar med kommunen si eiga vurdering, ei vidareføring av eksisterande forhold på området. Kommunen har ikkje hatt til hensikt at reguleringsplanen skal «medføra realitetsendingar i særleg grad når det gjeld bruk av areala innafor planavgrensinga. Realitetsendinga for skuletomta er at arealet vidare skal nyttast til barnehage i tillegg til skule (ref. Formannskap 04.12.2024)

Reguleringsarbeidet har hatt til hensikt å leggja til rette for utnytting av areala på ein måte som samsvarar med eksisterande bruk. Det vart avklara at planarbeidet i hovudsak skal vera ei revidering og ombruk av det etablerte området. Kommunen har avklara at dei ynskjer ei løysing der det vert oppført modulbygg for ny barnehage, der ein riv den eldste delen av dagens skulebygg.

Arealet på planområde vart etablert som skuleområde tilbake til 1940 talet, utvida på 60-talet og i 1993. Skulebygga har vore utbygd i 3 etappar, og har vore i bruk til skuleføremål heilt til i dag. Kommunen har oppgitt at det er ein glipp at området ikkje vart avsett til formål for offentleg formål skule då dei sist reviderte kommuneplanen i Fitjar. I dagens arealdel til kommuneplanen (KPA) ligg arealet berre inne som kode 6700, friluftsområde. Dette er ein feil. Arealet har vore nytta til skuleføremål lenger tilbake enn til vedtakstidspunktet for dagens KPA.

Følgjande vart vedteke i Fitjar Formannskap 04.12.2024:

«Fitjar kommune startar opp arbeid med detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun jf. plan- og bygningslova § 12-3. Kommunen skal sjølv utarbeida planen og tilhøyrande plandokument.

Det vert samstundes varsla oppstart av detaljreguleringsarbeidet i medhald av pbl. § 12- 8.»

Følgjande informasjon i avsnitt under grunnleggjande avgrensinga for planområde frå formannskapet:

«Innanfor planavgrensinga er det i dag avsett areal til fritidsføremål og til LNF-område. Fylkesvegen er i tillegg lagt inn i KPA med samferdselslinje. Delar av arealet er innanfor omsynssone landbruk (nordsida av fylkesvegen). Arealet som er avsett til landbruk innanfor planavgrensinga er i realiteten i stor grad vegareal, både fylkesveg og private vegar. Me finn det naudsynt å ta dette med for at avkøyringsløysinga ved skulen og den kommunale pumpestasjonen på nordsida av fylkesvegen vert del av planen. Både avkøyring og pumpestasjon er del av infrastrukturen til skulen».

Kommunen har ikkje til hensikt at reguleringsplanen skal medføra realitetsendringar i særleg grad når det gjeld bruk av areala innanfor planavgrensinga. Realitetsendringa for skuletomta er at arealet vidare skal nyttast til barnehage i tillegg til skule (frå f.skap 04.12.24)

Reguleringsplanen har til hensikt å leggja til rette for utnytting av areala på ein måte som i all hovudsak er i samsvar med dagens bruk. Det er ikkje planar om ei særleg stor endring på området utover å riva «gamleskulen», og oppføra eit modulbygg på same området. For øvrig vert planområdet vidareført og ein har vurdert at planarbeidet ikkje vil utløysa krav til konsekvensutgreiing eller planprogram. Dette sjølv om ein legg inn eit nytt føremål.



Figur 3 Planområdet fra varsel om oppstart, kart og ortofoto, markert skulen sin parkeringsplass..

Arealet som vart varsle ved planoppstart har vorte noko redusera i vest, då planføreslaget nå omhandlar areal som Fitjar kommune eig, og fylkeskommunen, som vegeigar av Koløyvegen.

Eigarforhold planområdet

Fitjar kommune eig arealet for oppveksttunet. Arealet skal følgja eigedomsgrensene både i vest, aust og sør. I Nord vert fylkesvegen naturleg grense.

Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljregulering jf §12-3 i plan og bygningslova. Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing, jf konsekvensutgreiingsforskrifta §8 jf.§10.

- §6 ikkje aktuelt
- §7 ikkje aktuelt
- §8 ikkje aktuelt – planar som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Det er vurdert å ikkje vera behov for ei konsekvensutgreiing. Det er basert på det forhold at heile planområdet allereie er bearbeidd og utbygd. Det vert ikkje teke i bruk nytt areal her, men det vert ny bruk for deler av areala både i eksisterande bygningar og uteområda. Det er ikkje ein auka bruk på område, eller nye areal som vert tekne i bruk når ein opprettar oppveksttunet. Det vert kun noko ny bruk av allereie etablerte formål for uteområda, avklaringar og utbetringar på utomhusareala vert handsama i eige skisse og utarbeiding av utomhusplan for uteområda i prosjekteringsfasen for området.

2 PLANPROSESSEN

Innleiande vurderingar av planforslaget

Fitjar kommune føreslo sjølv å gjera eksisterande barneskuleområde i Øvrebygda til eit oppveksttun med barneskule 1-4 kl. saman med ny barnehage på den eksisterande skuletomta. Saka er førehandsvurdert og vedteken i formannskapet i Fitjar.

Som følge av nedlegginga av den private barnehagen Fjellheim FUS friluftsbarnehage AS, vedtok kommunestyret 14.3.24 at kommunen skal utgreia permanent løysing for barnehagedrift i Øvrebygda. Ein slik barnehage skal vera i tilknytning til Øvrebygda skule, og det er ønskjeleg at han kjem i drift i 2025. Kommunestyret vedtok at administrasjonen skulle utgreia oppveksttun med både skule og barnehage, der barnehagen skulle ha friluftprofil (jf saksprotokoll, kommunestyremøte Fitjar, 20.06.2024).

Planprosessen har teke noko lenger tid i oppstartefasen då det var naudsynt å avklara kva konsept kommunen skulle velgja, kva krav til både bygg og område som ville verta gjeldande når ein innførde eit nytt konsept for barnehage på det eksisterande skuleområdet. Her kom nokre nye krav til utføringa på bygg som vil føra til at ein må riva den eldste delen av dei eksisterande skulebyggja. Kostnadane for det valde konsept 4a), vart noko høgare enn det ein først tenkte. Endeleg vedtak om val av konsept vart gjort i kommunestyremøte 26.03.25.

Planprosess

Norconsult Norge AS, avd Haugesund vart engasjert av Fitjar kommune som plankonsulent for å gjera reguleringsarbeid med detaljreguleringsplanen for Øvrebygda oppveksttun.

Det vart avhalde eit første avklarande møte med kommunen i november 2024. Her vart det gjeve grunnlagsinformasjon til plankonsulent, og orientert om at kommunen sjølv skulle gjennomføra første fasen, varsla oppstart av reguleringsarbeidet og motta alle merknader. Plankonsulent skulle deretter overta det vidare arbeidet med planarbeidet, og utføra prosessen etter varslinga.

Fitjar kommune varsla sjølv oppstart av planarbeid for planområdet Øvrebygda skule 16.12.2024, med frist for uttale til 27.01.25. Då vart alle aktuelle offentlege instansar og naboar varsla pr brev. I tillegg hadde kommunen ei kunngjeringsannonse på eiga heimeside. Det kom inn totalt 9 merknader, 8 frå offentlege instansar, og kommunen sine eigne avdelingar og 1 privat, frå nabo, ingen varsel om motsegn.

Det vart i jan 25 halde ei felles synfaring og møte på skuleområdet, for både bygningar og uteområde. Dei som deltok var plankonsulentar for Norconsult, saman med oppdragsleiar og ansvarlege i Fitjar kommune.

I etterkant vart avklara frå kommune si side at ein såg det naudsynt at saka vart behandla politisk for å velja konsept for eit oppveksttun inkludert etableringa av barnehage på planområdet. Etablering av barnehage på området, og regulering av småskulen krev detaljreguleringsplan. Knytt til dei to formåla vert del av grunnlagsinformasjon for planarbeidet, då ingen av føremåla er regulert på planområdet i dag, sjølv om skulen har vore på staden sidan 1960-talet. Det vert særskild nye krav når ein vel å innlemma nytt føremål, barnehage, på planområdet (*ref. notat «Førebels vurdering av konseptval» og Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun (Norconsult 2025-03-13)*)

Innspel frå medverknadsprosessen:

Fitjar kommune gjennomførte ei første medverkingsløysing då det vart bestemt at ein valde å oppretthalda småskulen og oppretta ein barnehage på planområdet. Det har ikkje vore utført konkret medverknad etterpå.

I medverknadsprosessen fekk kommunen følgjande innspel:

Det vart oppfatta som positivt med ei organisering som oppveksttun i Øvrebygdakrinsen. Nokon meinte det var ein pedagogisk gevinst å ha 1.-4. klasse saman med barnehagen, og at ein då kan leggja meir til rette for felles fysisk aktiv læring. Samtidig kom argument om at det kanskje ikkje var plass til alle dei største elevane på Rimbareid. Andre meinte at ei god løysing ville vera ein 1.-7. skule, der dei eldste tek vare på dei yngste. Kommunen fekk innspel knytt til detaljar kring korleis oppveksttunet skal utformast og vera. Desse innspela har ein notert seg og dei vil bli vurdert i prosjekteringa.

Det er utarbeidd eige notat der alle merknader som kom inn til varsel om oppstart vert kommentert, og vedlagt saka.

3 PLANSTATUS OG FØRESETNADER

Overordna planar og føringar

Nasjonale rammer og føringar mm

Planlegging etter plan- og bygningsloven skal bidra til å samordna statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Planlegging og vedtak skal sikra openheit, forutsigbarheit og medverknad for alle berørte interesser og myndigheiter (regjeringen.no/reguleringsplan).

Ein overordna plan, set hovudtrekka for arealbruk og utvikling på eit overordna nivå, medan meir konkrete planar som detaljreguleringsplanar er juridisk bindande planar for et mindre, avgrensa område som gir detaljerte føresegnar for framtidig arealbruk og bygningar. Dei konkrete planane skal følgja opp hovudtrekka i dei overordna planane.

Ein detaljregulering er eit meir detaljert og bindande dokument som må vera i tråd med, og følgja opp føringar og hovudtrekka som kjem fram i den overordna planen som f.eks kommuneplan.

- **Statlige planretningslinjer for klima – og energiplanlegging i kommunen (20.12.2024)**

Dei nye retningslinjene gir overordna føringar for korleis kommunane skal fortsette å ivareta klima og energi i si areal- og samfunnsplanlegging, og i eiga verksemd. Retningslinjene legg opp til at kommunane kan tilpasse omfanget og innretninga av klima- og energiplanlegginga til lokale forhold.

Målet med retningslinjene er at de nasjonale føringar skal vurderes, og styres etter i de enkelte kommune. Men på grunn av at landet er variert, er det mogeleg å planleggja ut fra den einskilde kommune sine behov og føresetnader (regjeringen.no SPR Klima)

- **Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (24.01.2025)**

Regjeringa har vedteke nye statlege planretningslinjer som særleg skal bidra til utvikling av gode lokalsamfunn i heile Norge. Kommunar er ulike, og må planleggje utifrå lokale føresetnader, Retningslinjene har ein tydeleg differensiering mellom storbyområde og distriktsområda og er dermed i større grad tilpassa at Noreg er eit langstrakt land. Dei skal i større grad bidra verdiskaping, bustad- og næringsutvikling. Ein må i større grad fortette og transformere framfor å bygge ned viktig jordbruks- eller naturområde (regjeringen.no, SPR arealbruk og mobilitet)

- **Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995, rev 2019)**

Formålet med disse retningslinjene er å synleggjere og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming (2009)

«Samfunns- og arealplanlegging er et viktig virkemiddel for å oppnå dette. Vi har alle et ansvar for å bidra til et likestilt og likeverdig samfunn der alle kan være med. Det handler om at disse verdiene ligger som et premiss; før tankene er tenkt, før planene er lagt og før strekene er tegnet» (veileder UU i planlegging).

- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) veileder nr.3/2022
- NVEs retningslinjer nr.2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14
- Bærekraftig distrikts mobilitet Living Lab Fitjar, jul 2021 – mai 2024 (transportplanlegging, reisevaner) Bærekraftig distriktsmobilitet living lab Fitjar - miljodirektoratet.no

Regionale føringar

- Regional transportplan for Vestland 2022-2033 (RTPV)
- Skyss Mobilitetsplan Vest (april 2023)
- Regional plan for folkehelse 2014-2025, fleire gode leveår for alle
- Vestland fylkeskommune, Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Det kjem fram i trafikktryggingsplanen 2021-2031, at fylkes- og kommunevegane i Fitjar generelt er av dårleg standard. Her er svært lite utbygd med gang- og sykkelveg, og generelt er vegbreidda smal. I Fitjar kommune er det utstrekt skyss for elevane i 1. klasse ved skulane på Rimbareid og Øvrebygda. (ref. Trafikktryggingsplanen 2021-2031).


Kommunale føringar/ temaplanar

- Kommuneplanen sin arealdel (2011-2022)
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel, Planprogram 21.11.2023
- Trafikktryggingsplan 2021-2031

Gjeldande plangrunnlag

Planområdet er uregulert, og det ligg av den grunn ikkje føre ein gjeldande reguleringsplan med føresegner, for området, her gjeld kommuneplanen. Gjeldande kommuneplan for planområdet er Kommuneplan 2011-2022, vedtatt 20.06.2012. Kommuneplanen er nå til revidering, men har framleis føremål for LNFR på den aktuelle skuletomta.

I følgje Fitjar kommune, er dette ein feil, og ein kan ikkje gi ein annan grunn for at føremålet ikkje har vorte retta opp over tid, då planområdet har vore skuletomt sidan skulen vart starta her, på same staden sidan 1960-talet.



Figur 4 Bilde Gjeldande Kommuneplan Fitjar 2011-2022

Reguleringsplanar i nærleiken

Det er ingen gjeldande eller pågåande reguleringsplanar igangsett eller vedtatt i umiddelbar nærleik til planområdet. Det er to mindre, regulerte bustadområde – til 4 tomter, noko lenger vekke, mot vest.

Overordna planar

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026

Samfunnsdelen i kommuneplanen 2020 – 2040

Kommunedelplan, Fitjar kommune Trafikktryggingssplan 2021 – 2033

Barnehageplanen 2020-2031

Konseptutredning for Øvrebygda oppveksttun

Føringar for konseptvalet./ prosjektvurdering

Klimasatsing i kommunar og fylkeskommunar 2021

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Regional transportplan for Vestland, 2022-2033, (RTVP 2022-2033)

Kjelder:

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven, (LOV-2008-06-27-71, sist endra LOV-2025-06-20-93 fra 01.07.2025)

www.trafikksikkerkommune.no

www.Miljødirektoratet.no


www.KDD.no

4 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

Lokalisering og dagens arealbruk

Planområdet er dagens Øvrebygda barneskule 1-7 klasse, med tilhørende uteareal og parkering, og er totalt ca. 14 412,9 daa inkludert parkeringsareal og areal for renovasjon.

Øvrebygda skule består av to bygningsvolum med eit mellomliggende takoverbygg. Skulen er bygd i tre byggetrinn, frå 1934, 1983 og 1994, og logistikk mellom dei tre byggetrinna er i hovudsak via utvendig tilkomst. Dvs. elevar og lærarar nyttar ut- og inngangar under takoverbygget ved ferdsel til «gamleskulen» (bygg 1) og til undervisningsareala i hovudbygningen (bygg 2), frå bibliotek/gymsal og administrasjon. I dagens situasjon må elevar som har kroppssøving ute, gå rundt heile anlegget, (ref. sjå grøn strek i figur 2), for å koma fram til grusbanen (jf Konseptutredning).



Figur 5 Bilde frå rapport «Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun» (Norconsult). Bilda syner utsnitt fra NVE Atlas, og viser inngangar, aktivitetsområde ute, og grøn strek viser ferdsel frå gymnastikk-garderobe fram til grusbane og ballbinge. Figur til høgre viser støykart for riks- og fylkesvegar.

Området er i dag ikkje regulert og arealet er heller ikkje avsett til det eksisterande føremålet, i gjeldande kommuneplan har heile planområdet føremål LNF.

Når det gjeld regulering av eit nytt område, er det fleire viktige faktorar som må vurderast for å sikra ei trygg og berekraftig utvikling. Sjølv om området historisk er nytta til skule, er det ikkje gjort utgreiing som ein til vanleg gjer når området skal regulert for eit særskilt føremål. I denne samanhengen skal det og planleggast for ei heilt ny brukargruppe - barnehagebarn.

Trafikktilhøva på staden er kjende for kommunen og fylkeskommunen, og det vert arbeidd med mål om å utbetra dei mest kritiske strekningane i samsvar med trafikktrykingsplanen, og Regional transportplan for Vestland (RTVP 2022-2033).

Faktiske forhold på staden er at det er relativt liten trafikk forbi skuleområdet i løpet av ein vanleg skuledag. Det er ein Ådt forbi planområde på fylkesvegen på 800, og uteområdet til skulen og barnehagen ligg noko heva over vegplanet. Fylkesvegen går forbi på nordaust sida av oppveksttunet. Deler av området er parkeringsarealet og uteområdet er på austsida av planområde. Det er svært begrensa kva trafikkstøy som påverkar planområde, på grunn av lokaliseringa.

Planområdet har gode solforhold då det er eit ope område, utan særleg høge bygningar.

Konklusjon etter utførte grunnundersøkingar på planområde er at det vart påvist *berg i dagen eller grunt til berg*. Generelt vart planområde betrakta å ha eit relativt tynt lag av lausmassar over berg. Dei lausmassane som er registrert under lag av fyllmassar er faste friksjonsmassar. I tråd med Rettleiar 1/2019, frå NVE Tabell 3.1, er det når det vert påvist berg i dagen eller grunt til berg, ikkje fare for at det vil utløyast områdeskred. Geoteknisk saksbehandlar vurderer derfor at krava i Rettleiar 1/2019 er ivaretatt, og at vidare utgreiing ikkje er nødvendig (ref notat «Innleiande geoteknisk vurdering»).

ROS analysa som er utført for planområde peikar og på at det på grunnlag av konklusjonen frå den geotekniske vurderinga så er planområde vurderer som ikkje sårbar for temaet (områdeskred) (ref ROS-analyse).

Kartlegging av naturmangfald på /ved planområdet

Det er ikkje gjennomført tidlegare kartlegging av naturmangfald på område. Nå har planområdet vore bearbeidd og brukt til skuleområde heilt i frå 1938 og fram til i dag.

Arealet er avgrensa, og det er nokre innslag av fritt voksende trer og buskar. Det er ikkje planlagt nye tiltak på areal som ikkje er del av skuleområdet i dag, og tilgrensande uteopphaldsareal er planlagt å vera oppveksttunet sitt faste ute-/ turområde utan noko særskilt tilrettelegging. Det er også her utført ei enkel kartlegging av området som ikkje har vist til nokre særskilde funn.

Omliggjande arealbruk

Planområdet ligg i eit relativt grisgrendt distriktsområde omkransa av fylkesvegen Koløyvegen i nord/aust, landbrukseigedom i drift mot vest og i sør. Det ligg nokre bustader og gardsbruk i nærliggjande område på vestsida av LNF-området i vest, og det same, nokre bustader og gardsbruk, på motsett side av Fv. 5070, mot nord aust, sjå fig 6.



Figur 6 Planområde markera med raudt ca midt i bilete, og omliggande areal

Som det framkjem av bilete over er området rundt Øvrebygda skule ganske spreiddbygd, og Fv.5070, Koløyvegen ser ein går nord for skuletomta.

Landskapet rundt planområde er i hovudsak, jordbrukslandskap med dyrka mark. Her er innslag av bustadar, og landskapet er noka kupert med store opne flater med dyrka mark, og mindre samlingar med vegetasjon/ trær imellom, sjå bilde øve, fig.6.

Det pågår ikkje utbyggingar, som me er kjent med, i kringliggande område.

Konseptutgreiing


Det vart i mars 2025 utarbeidd ein rapport om dei ulike konsept for eit oppveksttun, som grunnlag for konseptval for Øvrebygda oppveksttun. Rapporten er vedlagt saka, og ein syner til den for meir informasjon om det arbeidet.

Uteopphaldsareal, støytilhøva og luftforureining

Uteopphaldsareal til skulegarden er avgrensa og dermed begrensa i areal og utstrekning. Det er relativt gode areal for fri leik, og området er opparbeida i ulike soner, som f eks. inneheld både ein stor grusbane og ein ballbinge og eit mindre areal med litt plen og husker. Det var gjort ei utrekning på totalt areal utomhus i arbeidet med konseptval rapporten og det kjem fram at uteareala tilhøyrande planområdet er meir enn tilstrekkelege for både barnehagen og småskulen. Uteareala kjem fram i figur 3, 5 og 6.

Det er i dag felles utomhusareal og aktivitetsområde for skulen på heile uteopphaldsområdet, som er inngjerda. I tillegg kjem tilhøyrande areal utanfor skuleområdet, uteopphaldsareal i sør. Hovuddelen av uteområdet ligg i sør, og sørvest. Det mindre arealet for uteområde i nord, ligg innanfor gul støysone, sjølv

om det er svært lite trafikk og ikkje eigentleg ei utfordring i skuledagen (jf SVV støykart for riks og fylkesveg, sjå under).



Figur 7 Statens vegvesen støysonekart for riks- og fylkesveg

I dag ligg det nord-austre hjørna av uteområde i planen innanføre støysona (jf. fig 7 over). Dette kan utbetrast, og skjermast, og ein må ta omsyn til at det er begrensa med trafikk forbi planområdet, med ein ÅDT på 800.

Endring av område til oppveksttun, vil krevja ei oppgradering, og utbetring av uteareala for både barnehage og småskule.

Det vert anbefala at uteområdet for barnehagen vert plassera i sørlege delen av uteområdet, då vert det trekt ut frå området som ligg i gul sone. Det er svært låg ÅDT forbi skuleområdet, og den nordaustre delen av uteområde ligg nokre meter høgare enn fylkesvegen, så her er ikkje nokre konflikt mellom uteområde og vegen.

For øvrig er det ikkje kartlagt at det er etablert støyande verksemder i nærområdet, og ikkje avdekka andre støyande forhold kring planområde.

I rapporten om konseptval kjem det fram at planområdet har tilstrekkeleg med uteareal til både barnehage og småskule, men detaljeringa for uteområdet vert ikkje regulert. Det vert handsama i ein utomhusplan i samband med prosjekteringsfasen.

Samferdsle/ Trafikktilhøve

Køyretilkomst og parkering

Planområdet vil få tilkomst direkte på fylkesvegen Fv 5070 Koløyvegen som går forbi planområdet og er tilkomstveg til skuleområdet I dag, og til oppveksttunet i det vidare. Standarden på fylkesvegnettet i Fitjar er generelt dårleg, og følgjande står i trafikktryggingssplanen:

«Ved Øvrebygda skule er det fartsgrense 40 km/t ved skulen, og her er etablert fartshumpar for at fartsgrensa skal overhaldast. Det er berre eit lite stykke veg som har gang- og sykkelveg. Det har kome ein del vegljøs dei siste åra (jf trafikktryggingssplanen 2021-2031).

Fylkesvegen 5070, Koløyvegen, har varierende bredde i kommunen, og det er berre einskilde stadar det er fortau langs vegen. Fartsgrensa forbi planområde er 40 kmt, og sjølv om eksisterande fortau er smalt, er det eit fortau her som ein kan nytta.

Det føreligg ikkje planar om å utbetra sjølve Koløyvegen som følgje av vidareføring av skulen og innføring av barnehagen til område.

Det er etablert avkøyrslar inn til eksisterande parkering for skulen i dag. Denne er planlagt oppretthalden.

Området har i dag to avkøyrslar frå fylkesvegen (sjå fig. 8 under).



Figur 8 Eksisterande forhold på staden, avkøyrslar på Fv 5070, til skuleområdet. Her syner og eksisterande fortau langs skuleområdet.

Parkeringsområde er etablert på skulen si nordside, foran skuleområdet, mellom skulegarden/ skulebygningane og fylkesvegen (sjå fig.8). Denne parkeringsplassen vert oppretthalden vidare, og skal vera stor nok for den vidare drifta for skulen og barnehagen, det er i dag 15 p-plassar.

Parkeringsarealet er og tilkomst for renovasjonsbilen då arealet for renovasjonsdunkane ligg nordaust for skuleområdet. Plassen har i dag to avkøyrslar frå fylkesvegen, og dei vert føreslått skilta med inn – og utkøyring for å skapa meir trafikksikre forhold og unngå unødige rygging på området.

Teknisk infrastruktur

Leidningsnett

Det er eksisterande leidningsnett og VAO anlegg til skulen i dag. Kommunen sitt VAO anlegg ligg på andre sida av fylkesvegen, og vart oppgradert i 2018. Eksisterande VA-anlegg har etter ein gjennomgang, god kapasitet for forbruksvatn, spillvatn og overvatn (ref. rammeplan VAO).



Figur 9 Eksisterende VAO-anlegg anlagt i 2018, frå Fitjar kommune.

Det må etablerast ny påkobling for VAO anlegg tilhøyrande planlagt modulbygg når det vert oppført.

Eksisterende vatn

Eksisterende vatn består av 180 PE vassleidning som følgjer vegen, med utstikk av ein 32 PE leidning frå kum 1038 som går mot bygga. Kum 1118 er brannhydrant med VL 180 PE til hydranten. Vidare er det også brannuttak i kum 1039. Det manglar data angående stikk opp til bygningane.

Eksisterende overvatn

Eksisterende anlegg for overvatn består av overvassleidningar i dimensjonar 160 PP og 250 PP. Det går i dag ei elv under vegen aust for planområdet. Planområdet i seg sjølv har avrenning nordover og noko i aust mot den eksisterande elva. Det er her sett nærare på både dei direkte tilknytt nedbørsfelt mtp leidningsanlegget, samt nærliggjande i samband med framtidig flaumsituasjon, nærare beskrive lenger bak.

Forureining

Kommunekart syner at det ikkje er kartlagd forureina grunn i planområdet. Omkringliggjande område har vore jordbruksområde i lang tid, og planområdet har vore skuleområde sidan 1940-talet. Det er av den grunn ikkje annan forureina forhold eller aktivitet som har vore på området tidlegare.

Flaum

Reguleringsområdet er i nærheita av aktsomheitssone for flaum grunna ein eksisterande bekk som renn gjennom fylkesvegen via kulvert med ende i Storavatnet. Høgdeforskjellen mellom kor skulen er plassert og elva som strøyer gjennom kulverten og ut i Storavatnet er stor, frå 33,5m til 27,8m som vist i Figur 15. Det er stor høgdeforskjell frå skuleområde, og ned til bekken. Det er lite truleg at den kan stiga til nivå for oppveksttunet, sjå rammeplan VAO.

Luftkvalitet/ Luftforureining

Det er ikkje ei utfordring med luftforureining for uteareal i planområdet, då det er svært låg ÅDT på fylkesvegen som går nord for planområdet.

Miljødirektoratet sin offentlege informasjon om luftkvalitet (luftkvalitet i Norge) syner at området ikkje er utsett for luftforureining, det viser lite utslag for område i Fitjar kommune.

Det er ingen eksisterande bedrifter som fører til lukt, røyk støv eller støy i nærområdet til oppveksttunet. Det er ikkje kjent at det heller er planer om slike verksemder, eller ei opning for det i gjeldande kommuneplan.

Vegetasjon

På sjølve planområdet er det lite vegetasjon utover nokre tre, buskar og plen. Det er gjort søk i naturbase... det er ikkje kome fram funn av naturtypar i planområdet. Vegetasjonen utanfor planområdet vert ikkje påverka av endringar innafor planområdet då det ikkje er planar om å byggja på eller bearbeida areal utanfor planområdet. Det er ikkje planlagt oppført konstruksjonar eller andre faste element i det tilgrensande uteopphaldsområdet i sør.

Den aller meste av planområdet er dagens eksisterande skuleområde for barneskulen i Øvrebygda, og området er av den grunn opparbeidd i tråd med det føremålet tilbake til 1930-tallet. Uteområdet er ein kombinasjon av grøntområde, plen for elevar, med både ballbinge og grusbane.

Tilhøyrande areal i sør, framkjem som «tilfeldig sjølvplanta» område med ulike vekstar av tre og buskar. Dette området brukar skulen i dag, som del av sitt uteområde. Området er framover tenkt nytta noko meir på fast basis, når det vert etablert barnehage på området. I den samanheng har kommunen fått utført ein enkel kartlegging av området, der det vart utarbeidd ei analyse av funna som vart gjort på arealet. Kartlegginga er utført av biolog tilsett i kommunen, og notat for utført kartlegging er vedlagt saka.

Naturverdiar/ Naturmangfald/ Naturtypar

Naturbase i Miljødirektoratet si kartteneste viser heller ikkje noko særskilde funn av naturtypar eller naturverdiar innanfor planområdet, eller i nærleiken.

Planområdet er etablert og bygd til skuleområde i sin heilskap, og har vore det sidan den vart starten på 1930-talet. Skuleområdet ligg tett inn til landbruksareal i drift. Næraste tilgrensande areal er fulldyrka jord, avgrensa frå planområdet med gjerde og vil ikkje verta direkte påverka av etableringa av oppveksttunet på planområdet.

I karttenesta til Miljødirektoratet, Naturbase, kjem det ikkje fram nokre verneområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er ikkje registrert oppføringar for utvalde naturtypar etter naturmangfaldslova.

Sjølve skuleområdet er for det meste planera og asfaltera, og bearbeidd uteområde med påståande skulebygg, og ballbanar areal for leik.

Det tilgrensande uteopphaldsareala som kan verta nytta i framtida, er tiltenkt å vera eit nærturområde, der det ikkje er planar om å oppføra faste konstruksjonar. Det område vart kartlagd av biolog ansatt i Fitjar kommune. Notat frå kartlegginga ligg ved saka.

Miljødirektoratet sin naturbase og kart frå Artsdatabanken syner at det ikkje har vore registrert naturverdiar innanfor plangrensene heilt til nyleg.

Resultat av kartlegging av uteopphaldsområde


I kartlegginga som kommunen fekk utført sommaren 2025, vart det gjort ei skildring av eksisterande funn i turområdet. Notatet som vart utarbeidd av kommune sjølv og deira biolog, er vedlagt saka (ref notat artskartlegging, gbnr 50/11, dat.25.05.2025).

Arealet som vart kartlagd er det lilla arealet markert på kartutsnitt under, fig.11.

«Artsmangfaldet i feltsjiktet er typisk for middels næringsrik skog».

Området vert brukt til lekeområde for skolen og det bærer preg av forstyrrelser.

Det er innslag av fremmede arter som er vurdert til SE (svært høy risiko)».



Figur 10 Areal som er vurdert av kommunen sin biolog, er areal merka lilla, tilhøyrande uteopphaldsareal for Oppveksttunet.

Oppsummering og naturtypevurdering


Området framstår som en lågurtskog med middels bonitet, dominert av løvskog, særlig bjørk og hassel, men med spredte innslag av fremmede treslag som platanlønn og edelgran. Feltsjiktet viser tydelig lågurtpreg, med hvitveis, skogstjerne, bringebær, blåbær og matsyre, noe som sammen med moseflora og fuktighetsindikatorer plasserer området i grunntypen T4-C1.

I karttenesta til Miljødirektoratet, Naturbase, er det ikkje funne nokre funn av registrerte naturverdiar eller typar innanfor eller i nærleiken av planområdet pr september 2025. Det er ikkje funn av registrerte oppføringar for utvalde naturtypar, naturvernområde i eller nær planområdet.

Kulturminne

Det er utført søk i Askeladden, Kulturminnesøk frå Riksantikvaren sitt kart. Det er ikkje registrert kjende kulturminne innanfor eller tett på planområdet. (iht - [Kulturminne](#) (iht kulturminnesøk, riksantikvaren.maps.arcgis).

I Naturbasen til miljødirektoratet kjem fram at det er registrert nokre kulturminnebygningar i nærleiken til planområde, lenger nord aust, og sør, godt utanfor planområdet, og såpass langt unna at det ikkje vil få nokon påverknad eller betydning for planlagt utbetring på oppveksttunet.



Figur 11 Utsnitt frå Naturbase, skuleområdet markert med gul sirkel, funn registrerte bygg utanfor planområdet trekantar.

Nylyg registrerte artsfunn i/ ved planområdet

Det vart i juni 2025, gjort ein enkelt observasjon av åkerrikse i den søraustlege delen av planområdet. Det kjem ikkje fram av registreringa om fuglen vart sett eller høyrd på området, eller om den oppheldt seg på området. «Det er ein trekkfugl som hekker spreidd langs norske kysten og som truleg overvintrar i det sørlege Afrika. Åkerrikse er en kritisk trua fugleart i Norge (jf. åkerrikse – Store norske leksikon). Åkerrikse har tilhald på dyrka mark, og hekker på jordbruksmark» (ref. Miljødirektoratet, naturbase).



Figur 12 Kart frå Faktaark i naturbasen, grøn prikk viser funn av Åkerrikse, i ytterkanten, søraust i planområdet (naturbasekart.no).

Grunntilhøva

Geoteknisk vurdering av grunntilhøva etter prøveboring

Det vart i samband med utabriding av plangrunnlag bestemt å utføra ei geoteknisk prøveboring på planområdet, eksisterande grusbane i juli 2025. Notatet som vart utarbeidd er vedlegg i saka som grunnlagsinformasjon og vert referert kort under.

Siktemålet med utarbeidinga av geoteknisk notat var å gjera ei vurdering av nødvendigheita av å undersøka grunnen i tiltaksområdet i tråd med veileder 1/2019 i samanheng med reguleringsplanarbeid. For meir detaljert skildring av utført arbeid, sjå vedlagt notat for «*Innledende geoteknisk vurdering mht. aktsomhetsområde kvikkleire*».

«Basert på utførte grunnundersøkelser er det konkludert med at området generelt kan betraktes å ha et relativt tynt lag av lausmassar over berg. De lausmassane som er registrert under lag av fyllmasser er faste friksjonsmasser. Iht. Veileder 1/2019 fra NVE Tabell 3.1 er det ved påvist berg i dagen eller grunt til berg ikke fare for at det vil utløses områdeskred. Geoteknisk saksbehandlar vurderer derfra at kravene i Veileder 1/2019 er ivarettatt, og at vidare utredning ikke er nødvendig» (ref. notat innledende geoteknisk vurdering mht. aktsomhetsområde kvikkleire).

Risiko og sårbarheit analyse (ROS)

Det er i samanheng med planarbeidet utført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS–analyse). Heile rapporten er vedlagt saka, under vert det gitt eit samandrag frå analysa.

Den utførte analysa etterkjem plan- og bygningsloven sitt krav om ROS-analyser ved alle planar for utbygging innanfor eit planområde (jf. §4-3).

Det kjem fram av analysa at planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og forutsett følgd, som lite til moderat sårbart.

Det har vorte gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheits vurdering av dei tema som i fareidentifikasjonen framstod som relevante. Følgjande farer vart utreia:

- Ustabil grunn (områdestabilitet)
- Flom i vassdrag (under dette isgang)
- Ekstremnedbør (overvatn)
- Skog- / lynnbrann
- Radon
- Elektromagnetiske felt
- Sløkkevatn for brannvesenet
- Sårbare bygg
- Tilsikta handlingar

Av desse stod planområdet fram som moderat sårbart for sløkkevatn for brann- og redningsvesenet. Det vart imidlertid ikkje gjennomført ei hendingsbasert risikovurdering då myndigheitskrav i TEK 17 set føringar for akseptabel risiko. Temaet må følgjast opp i vidare prosjektering, og det må verte etablert tilstrekkeleg sløkkevatn før tiltaket tas i bruk. Løysning for tilstrekkeleg sløkkevatn må vurderast vidare av brannrådgjevar og det lokale brann- og redningsvesenet.

For vurderinga for trafikkføreholda på området peika ROS–analysa på at plantiltaket ikkje vert ansett å endra trafikkforhold i området, og det vart i analysa konkludera med at «*Temaet vurderes ikke vidare*».

Analysa peika og på at på grunn av store delar av planområde ligg innanfor aktsomhetskart for kvikkleireskred måtte områdestabilitet utgreiast for å avklara reell skredfare på siste plannivå. Basera på utførd grunnundersøking og den geotekniske vurderinga vart det i analysa konkludera med at planområde ikkje vart vurdert som sårbart for tema.

I fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering er identifisera tiltak som det ut ifrå omsyn til samfunnssikkerheit, er nødvendig å gjennomføra for å unngå å byggja sårbarheit inn i planområdet. Tiltaka er samanfatta i 5.2 og må vurderast og følgt opp i prosjekteringa for området (sjå kap 5.2 i analysa).

Det har vore avklara med kommunen at tema rundt sløkkevatn vert følgt opp vidare i prosjekteringsfasen for planområdet.

5 SKILDING AV PLANFRAMLEGGET

Særskilt om berekraftige løysingar

Det er vurdert at Fitjar kommune tek eit berekraftig val og ei positiv løysing både sosialt, økonomisk og miljømessig når dei vel å ombruka det eksisterande barneskuleområdet i Øvrebygda, til eit lokalt oppveksttun for dei minste barna. Bygget som vert søkt ombrukt til nye lokalar for småskulen (1-4 kl.) vert samlokalisert med ny barnehage. Det viser at Fitjar kommune søkjer å tenkja nytt og berekraftig på fleire plan med å gjennomføra revideringa på eksisterande planområde. Kommunen vel å justera og dela barneskuletrinnet og etablera barnehage i nytt modulbygg som skal oppførast i nord vestre del av området. Dette ynskjer kommunen å etablera for å framøve kunna leggja til rette for eit barnehagetilbod til innbyggjarane i denne delen av kommunen.

Det å leggja til rette for sambruk med barnehagen for eit reelt oppveksttun i denne delen av kommunen, og vidareføra bruken av eksisterande skuleområde kan vurderast som ei god og berekraftig løysing for Øvrebygda og Fitjar kommune, både sosial og miljømessig.

Generelle tilhøve på planområdet

Heile planområdet er opparbeida og tilrettelagt til skuleområde for barneskule. Det vert oppretthalde, i tillegg skal planlagd barnehage innlemmast på området, og vera naturbarnehage med fokus på eige uteområde. Området merka o_UTE 1 og 2 vert del av det øvrige uteopphaldsområde på skuleområdet (o_BAA). Det største av dei to areala, o_UTE1 er planlagd å verta nærtuområde for barnehagen. Kommunen har ikkje planar om å tilretteleggja UTE områda særskilt med etablering av faste konstruksjonar. Dersom det i prosjekteringa kjem fram ynskje om å etablera enkle tiltak som gapahuk eller liknande på område, kan det tillast.

Universell utforming

Eksisterande planområde består av dei gamle skulebygga, som ikkje er universelt utforma. Det er i gjennomgangen for konseptval, peika på at det vert krav til nokre utbetringar for dei eksisterande bygga som skal stå att, og verta brukt vidare. Det planlagde modulbygget for ny barnehage, vert oppført i tråd med krava til universell utforming.

Folkehelse

Folkehelse er definert som befolkninga sin helsetilstand og korleis denne fordeler seg i befolkninga. I 2012 kom folkehelselova som er norsk lov som gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter ansvar for å fremja folkehelse, og systematisk folkehelsearbeid er eit kommunalt ansvar etter folkehelselovens § 4.

Lova stilte krav til kommunar og fylkeskommunar om at dei skal jobba systematisk med folkehelse, og har hatt mykje å seia for utviklinga i feltet. Saman med føresegna for førebygging i helse- og omsorgstenestelova, er folkehelselova eit rettsleg verkemiddel for å nå samhandlingsreforma sitt mål om å fremja folkehelse, førebyggja sjukdom og utjamne sosiale helseforskjellar.

Omgrepet omfattar også faktorar som påverkar helse, som oppvekstvilkår, levekår, fysiske og sosiale miljø, helserelatert åferd, samt førebygging av sjukdom, skade og ulukker. Målet med folkehelsearbeid er å fremja helse, trivsel og livskvalitet i befolkninga, og å utjamne sosiale helseforskjellar (ref. Folkehelseloven).

Lova vert nå revidert og skal følgje opp arbeidet med ytterlegare konkretiseringar når den trer i kraft frå Det er 01.01. 2026. Dei overordna revideringane som kjem, vil mellom anna styrkja samanhengen mellom dei


ulike nivåa, sørga for betre samanheng mellom folkehelselova og plan- og bygningslova, sørga for at ein ved utforming og iverksetjing av tiltak skal vurdere og vektleggja barns beste.

Planlagd arealbruk

Arealbruk på planområdet skal vere uteoppfallsareal og skulebygg for barneskulen 1-4 klasse, i tillegg til nytt føremål ifm. nytt modulbygg for barnehagen. Det er ikkje planlagt å utvida skuleområdet, detaljar for uteoppfallsareal vert lagt i ein utomhusplan.

Planforslaget legg til grunn at hovuddelen av eksisterande bygningsmassen på staden i dag, vert vidareført som småskule. Det som vert nytt er modulbygg i nordre del for barnehagen, ei oppgradering på uteområda, og tilpassing til barnehagebarn. For øvrig er det ikkje planar om større endringar på området.

Det vil vera felles leikeareal for både barnehage og småskulen i deler av uteområdet, samstundes som nokre av areala vil verta forbehalde barnehagen.



Figur 13 Planforslag, detaljreguleringsplan Øvrebygda oppveksttun

Detaljeringa av avkjørslar, og haldeplass, samt plassering av oppmerking av parkeringsplassar og renovasjon på o_P2, er utarbeidd i samsvar med skisser frå LARK, og vegplanleggjar ved HRP (ikkje Norconsult sin vegplanleggjar). Utbetringane er i tråd med Fitjar kommune sin plan for etablering av oppveksttun, og skisser for uteareala, og trafikkløysingar frå ansvarleg LARK ved HRP. Ein er kjend med at

her kan vere mindre avvik for vegnormalen, for dei nye tiltaka. Det gjeld til dømes radius på avkøyrsløse, etableringa av avstand mellom fortau og parkeringsplassar på P2. Dei stadlege forholda og målsettinga om å kunne etablere eit oppveksttun som vidareføring av dagens skuleområde, med å utbetra dei eksisterande tilkoplingane har lege til grunn for planarbeidet.

Korkje Fitjar kommune eller Vestland fylkeskommune har planlagt å utbetra større deler av eksisterande fylkesveg 5070, for å regulere Øvrebygda oppveksttun. Den nye situasjonen må verte tilpassa eksisterande situasjon på staden utan å endra nemneverdig på fylkesvegen.



Figur 14 Ortofotoverlegg med kartopprikk.

Det er avklart mellom Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune at eksisterande fartshump på fv 5070, Koløyvegen, ved planlagt ny haldeplass for planområde, vert tillate fjerna ved etablering av haldeplassen.

Det er allereie planlagt å oppføre støyskjerm i nordaustre del av planområde. Her vert byggjegransa sett til 2 m frå formålsgransa i nord-aust. Bakgrunn for at ein kan godta den avstanden på byggjegransa er den store høgdeforskjellen

som gjer at vegbanen ligg fleire meter lågare enn planområde på den sida. Det vert difor ikkje konflikt mellom uteområde og vegbanen for området.

Bygga si plassering på området og eksisterande høgder på bygg

Då planområde ikkje er regulert eller avsett i kommuneplanen, tek ein utgangspunkt i eksisterande bygg på planområdet, og legg inn ei byggegrense, på 15 m frå vegmidte av eksisterande Fv 5070, Koløyvegen, inn på området der det er planlagd oppført nytt modulbygg for barnehagen.

Eksisterande parkeringsplass vert vidareført, og tillate oppretthalde utanfor byggegrensa, saman med deler av uteområde for skulen i nordaustre hjørna av planområde. Dette vert tillate då arealet ligg høgare enn fylkesveg 5070, som går forbi området og ÅDT er låg på området.

Utnytingsgrad og høgd

Regulerte høgder tek utgangspunkt i dagens bygningar, men for skulebygget, bygg 2 som vert behalde vidare, er det opna for ei auka høgde. Det er ikkje planar om utvidingar på eksisterande bygningar, men dersom det må gjerast ei utbetring, på skulebygget vert tillaten byggehøgde for bygget auka til kote +46

Det vert då mogeleg å tillate ein ny etasje med naudsynte tekniske installasjonar på toppen.

Utifrå konseptvalrapporten og skildringa av modulbygget for ny barnehage er det føreslått tillate oppført modulbygg i 1 etasje. Bygget får tillaten byggehøgde, i føresegna, som samsvarar med høgda for eksisterande skulebygg, kote +43.

Arealføremål

Arealtabell

Arealføremål	Areal
§12-5. Nr.1 – Areal - (m²), Bebyggelse og anlegg	
1510 - Energianlegg	11,3 (m ²)
1542 - Avløpsanlegg	8,2 (m ²)
1550 - Renovasjonsanlegg	54,5 (m ²)
1600 - Uteoppholdsareal	3 054,8 (m ²)
1900 - Barnehage /undervisning	6 111 (m ²)
Sum areal denne kategori:	9239,7 (m²)
§12-5.Nr. 2 – Areal (m²) Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	
2011 - Køyreveg (KV, 2011)	1649,5 (m ²)
2012 - Fortau (FO 2012)	461,7 (m ²)
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (AVG, 2019)	150,2 (m ²)
2025 – Haldeplass/plattform	108,6 (m ²)
2080 – Parkering (P, 2080)	1260,8 (m ²)
Sum areal denne kategori:	3630,9 (m²)
§12-5.Nr. 5 – Areal (m²) LNFR areal	
5110 – Landbruksformål (L, 5110)	1626,2 (m ²)
Sum areal denne kategori:	1626,2 (m²)
§12-6 Hensynssoner	
140 Frisikt (2) (H140)	66,1 (m ²)

Sum areal denne kategori:	66,1 (m ²)
Totalt alle kategoriar:	14 396,6 (m ²)

Figur 15 Arealtabell

Føremål på planområdet vert Barnehage/ undervisning, med tilhøyrande utomhusareal og parkeringsplass.

Arealbehova for oppveksttun

Det vart utført ei vurdering av arealbehova ved ombygging til oppveksttun, med inntil 40 barnehageplassar og 40 elevplassar i konseptutredning Øvrebygda oppveksttun (jf. Konseptutredninga Øvrebygda oppveksttun kap 5).

Det kjem fram at det er stort nok areal til å byggja om til oppveksttun, og oppføra modulbygg på området.

Valet av konsept 4a, med modulbygg, kjem til å krevja ei auka elforsyning, på 400 volt, og det betyr ei oppgradering av anlegget. Det er av den grunn lagt inn i føresegna eit punkt om infrastruktur, der det vert tillate oppført ein ny nettstasjon/ trafo in tilknytning til parkeringsområde, P1. Ny nettstasjon/ trafo kan ikkje leggjast innanfor oppveksttunet sitt utomhus område, der leike- og uteareala for ungane er.

Bebyggelse og anlegg, §12-5. Nr.1 (m²)

Barnehage (naturbarnehage) – BAA, 1900 Barnehage /undervisning

Modulbygg, for barnehage

Det vart vedteke at det skal innførast formål for barnehage på planområdet, som skal oppførast i modulbygg, i 1 etasje. Det er lagt inn ei byggehøgde for modulbygg som samsvarar med byggehøgde for eksisterande skulebygg, og som er kote +43. For øvrig er intensjonen at modulbygget vert oppført i ein etasje. Bygget vert sett opp på planert område der gamleskulen står i dag og vestover i nordre del av eksisterande grusbane.

Det nye modulbygget vil fungera som eit buffer mellom uteområda og parkeringsplassen og fylkesvegen når den vert oppført i sørenden av parkeringsområdet. Plasseringa av modulbygget vil og gje barnehagen mogelegheit for nærleik i uteområda på begge sider av bygget.

Bygget vert etablert i 1 etasje, og universelt utforma.

«Godkjenning av ein barnehage vert vurdert ut frå kor eigna areala er, det vil seie om dei oppfyller krava til formålet jf. barnehagelova §§ 1, 1a og 2, og jf. barnehagelova § 10 første ledd. Barnehagelova seier ikkje korleis barnehagestyresmakta skal godkjenne formålet med omsyn til fysisk miljø, men jamfør § 14 i godkjenning av barnehagar, heiter det at; Kommunen avgjer søknader om godkjenning etter ei vurdering av kvalifikasjonane til barnehagen ut frå formål og innhald» (jf. Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun).

Småskule 1- 4 klasse

Planføreslaget legg til grunn at mesteparten av dei eksisterande skulebygga vert brukt vidare. Det er gitt signal i notat for konseptutreiinga, at det må påreknast noko oppgradering av eksisterande bygg, ei eventuell oppgradering som peika på, er ikkje avklara ennå. Småskulen er planlagt oppretthalde og vidareført i dei eksisterande skulebygga, men dette er ikkje endeleg avklara ennå.

Høgde på eksisterande skulebygg er i dag kote +43. For skulebygget vert i føresegna tillate auka høgde til kote +46, for å gjera det mogeleg med ein evt ny etasje. Bakgrunn for auka tillaten høgde er mellom anna at det då vert mogeleg å etablere teknisk rom eller teknisk installasjon på taket, dersom det vert naudsynt.

Uterom og uteopphaldsareal, o_BAA og o_UTE1 og 2 (1900 og 1600)

o_BAA

Uterom og uteopphaldsareal skal vera tilgjengelege for ålmenta utanfor barnehagen og skulen si opningstid.

Område for uteopphald innanfor område o_BAA skal opparbeidast som uteområde til barnehagen, med nokre fellesområde med småskulen. Uterom som vert forbehalde barnehagen vert inngjerda. Det skal utarbeidast ein utomhusplan for planområdet, som må vera vedteken før ein går i gong med opparbeiding og utbetring av utomhusareala.

Det skal sikrast tilstrekkeleg uteopphaldsareal for barnehagen i samsvar med rettleiande arealnorm, jf. Barnehagelova og rundskriv F-08-06. Jamfør rapport for konseptval, så har planområde tilstrekkeleg areal for utomhusområde for både småskule og barnehage, se tabell under.

Tabellen under viser ei vurdering av arealbehov for det nye oppveksttunet.

Tal plassar i barnehagen/elevlar i skulen	Netto (NTA) arealbehov ekskl. idrett	Brutto/nettofaktor 1,45
40 plassar i barnehagen	400 m ²	580 m ²
40 elevlar i skulen	600 m ²	870 m ²
Totalt arealbehov for Oppveksttun for 80 elevlar	1000 m²	1450 m²
Leke- og opphaldsareal ute for barnehage 24 m ² per plass (i tillegg til naturleikeplass) ihht norm.	960 m ²	
Uteområde for skulen (utanom parkering og vegar) 50 m ² per elev ihht norm.	2000 m ²	
Infrastruktur – parkering, tilkomst, økonomikøyring	2000 m ²	4960

Figur 16 Tabell for arealbehov oppveksttun Det skal utarbeidast ein utomhusplan for uteområda, og det kan tillatast etablert element som leikeapparat, møblering, soveskur, ol. Elementa kan oppførast utanfor byggegrensa, i nordaustre side, og vert ikkje medrekna i BRA.

Planframlegget legg til grunn at ein brukar dei eksisterande uteområda, men at ein kan strukturera dei i detalj i prosjekteringsfasen, og i utarbeidinga av utomhusplanen. Areal er tilgjengelege, tilstrekkelege og hovuddelen av arealet er relativt flatt. I den sørlege delen av planområdet, og ut mot det tilhøyrande område for uteopphald i sør aust er det noko brattare. Arealet innanfor gjerda vert universelt utforma, og heile uteområdet vert oppgradert før dei vert tekne i bruk til oppveksttunet.

Arealet innanfor planformålet BAA er sett av til uteopphaldsareal for småskule og barnehage. Deler av arealet vert opparbeidd kun for barnehagen, medan øvrige deler av området kan nyttast av både småskulen og barnehagen. Delar av området vert opparbeidd med leikeapparat og ulike aktivitetsområde.

o_UTE1 og 2

Tilhøyrande uteopphaldsareal som ligg utanfor det inngjerda skuleområdet. I tillegg vil den sørlege delen av området for uteopphaldsareal, vera naturtomt som i dag. Området er tenkt å fungera som eit nærtutområde for særleg barnehagen, og vil vera tilnærma ubearbeidd. Dette kan gje mogelegheiter for å bevega seg i skogen, som den naturleg er, og verta brukt som område til å laga egne leikeområde av det som finst i


naturen. Det vert ulik opparbeiding på areal innanfor gjerdet og for uteoppfallsareal UTE 2, i sørvest. For øvrig vert prinsippa for universell utforming følgde både ute og inne, for det nye modulbygget til barnehagen. Det er ikkje sett krav om å gjerda inne områda merka o_UTE 1 og 2.

Renovasjon, RA (1550)

Plan for renovasjon

Det er avklara at renovasjon for planområdet vert plassera i sørvestre del av parkeringsarealet P2, på sørsida av parkeringsplassane, det framkjem av plankartet under. Ein har lagt til rette for eigen innkøyring til det sørvestre delen av P2 for renovasjonsheiting, med eigen pil for inn – og utkøyring. Det er og arealet i dette området som vert oppstillingsplass for brannbilar for området. Det er eit trafikkskyggingstiltak å plassera areala for dei større kjøretøy, som renovasjonsbil og brannbil i denne delen av området. Då vil ein unngå unødig rygging inne på parkeringsarealet, og leggja til rette for å unngå farlege trafikksituasjonar, og direkte konflikt med heiting/bringning og tilkomsten inn til oppveksttunet.

sånn at ein kan.



Figur 17 Regulert område for renovasjon og oppstillingsplass brannbil, søraust på parkeringsarealet.

Trafikk til og frå renovasjonsanlegget må følgja skilting for parkeringsområde som gjeld all trafikk over parkeringsområdet.

Energianlegg, EA (1510)

Når ein valde konsept for oppføring av modulbygg på planområdet var ein klar over at det ville koma eit krav om å oppgradera elanlegget. For valt konsept 4a, med oppføring av eit modulbygg, gjekk det fram at eit modulbygg av denne storleiken ville krevja ei elforsyning på 400 volt, og difor ei oppgradering av eksisterande anlegg.

Av den grunn er det lagt til rette i føresegna, pkt 2.4, for moglegheit for oppføring av ein ny trafo dersom naudsynt. Det ligg føre ein plan om oppføring av ny trafostasjon utanfor planområdet, som vert tilstrekkeleg

for oppveksttunet, når den kjem. På bakgrunn av at den eventuelle oppføring her ikkje er tidfesta, vert det mogeleg å oppføra ein trafo på planområde dersom det vert naudsynt.

Oppføringa av ein ny trafo vert utanfor areala til bruk for både leik og opphald for barna på oppveksttunet, uansett kor den kjem.

Avløpsanlegg, AV (1542)

Det er etablert anlegg for vatn og avlaup på motsett side av fylkesvegen, som vert oppretthalde. Det vert tillate oppførd ny tilkopling for nytt planlagd modulbygg i oppveksttunet.

Landbruk, L (1510)

Planområdet er i dag tilgrensande til dyrka mark i vest. Her har det vore både skule og landbruk på dei same areala i meir enn 40 år. Eksisterande gjerde vert oppretthalde, evt utbetra om naudsynt, men det vert ikkje lagt opp til ein buffersone, eller omsynssone utover det. Området vert oppretthalde som det er i dag.

Omsynssone, §12-6. frisikt (140)

Det er innteikna frisiktlinjer for kvar avkøyrslinje i planområdet. Det kjem fram av føresegna for omsynssone at det skal vera fri sikt i 0,5 m over tilstøytane vegars plan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, §12-5. nr.2

Dagens innkøyring frå fylkesvegen, Koløyvegen, vert oppretthalden og vidareført.

Det er avklara at ungar som kjem med buss, vert slopane av på rett side av Fv 5070, rett ved parkeringsplassen, og treng såleis ikkje treng å kryssa fylkesvegen, bussen køyrer den vegen.

Køyreveg, KV (2011)

Planen regulerer kun del av eksisterande etablert veg, FV 5070, Koløyvegen, som går forbi oppveksttunet.

Det vil verta gjort mindre utbetringar på avkøyrsla til parkeringsarealet, KV2, og skilta med inn og ut køyring, til området. Dersom naudsynt vil det verte tillate mindre utbetringar knytt til dette.

Fortau, FO (2012)

Eksisterande fylkesveg Koløyvegen har eit eldre, smalare fortau etablert på strekninga fobi planområdet for oppveksttunet. Det kan verta utført mindre utbetringar på det etablerte fortauet, men det ligg ikkje føre planar om ei oppgradering i tråd med nyare krav til fortau og gang- og sykkelveg, frå vegeigar Vestland fylkeskommune (jf Trafikkbyggingsplan 2021-2031). Det er avklåra med Vestland fylkeskommune at her vert godkjent eit utbetra fortau langs oppveksttunet o_F01, i inntil 2,5 m bredde, langs oppveksttunet.

Anna veggrunn - grøntareal, AVG, (2019)

Det er 4 mindre areal mellom fortau (o_F01) og fylkesvegen Koløyvegen, (o_KV1) som er annan veggrunn. Det gjeld rabatt på kvar sida av avkøyringa frå o_KV1 til KV2. Den er ein rabatt i dag, som vert vidareført for oppveksttunet.

Holdeplass, HPP (2025)

Det vert etablert haldeplass for av – og påstiging til oppveksttunet langs KV1, som vist på plankart.

Parkering, P (2080)

Planframlegget har regulert to parkeringsområde. Eit er i første rekkje parkeringsareal tiltenkt eksisterande VA-anlegg i nord aust, på motsett side av fylkesvegen o_P1.

Området P2 er felles parkeringsplassar til skule- og barnehageområdet, og det er ikkje venta at det vert eit problem med parkering sjølv når barnehagen er på staden, og henting levering skjer samstundes. Det vert truleg ikkje eit stort problem, men levering og henting av barnehagebarn vil vanlegvis ta noko lenger tid enn for dei elevane som vert slopne av, til skulen. Det gjer at inntil 5 plassar bør setjast av til barnehagen for å sikra at det er nok plassar. Ein føreslår å merka opp dei einskilde parkeringsplassane, eigen HC-parkering, og å skilja på parkering for tilsette og for henting/ bringing av barn.

Dei øvrige som vert køyrde til skulen, vert og følgde inn via parkeringsplassen. Dersom nokon av elevane sykklar til skulen, vil sykkelparkeringa liggja på parkeringsplassen, i det nordaustre hjørna av området.

Eksisterande avkøyrsløse i aust vert teken vekk, for å leggja til rette for busshaldeplass, o_HPP, langs KV1. Haldeplassen vert etablera for å gjere av- og påstiging for dei som kjem med buss. Denne løysinga vert meir oversikteleg og trygg, då bussen vil nytta den og ikkje lenger køyra inn på parkeringsområde P2. Ein vil dermed unngå køyring av større køyretøy inne på parkeringsplassen.

Inn- og utkøyring på området vert stramma opp med skilt, frå KV2.

Renovasjonsdunkar er flytt til øvre del av P2 i nord vest, og renovasjonsbil får eigen avkøyrsløse, merka frå KV2. Dette området er lagt til det sørvestre hjørna av P2, så renovasjonsbil ikkje treng køyre inn på parkeringsområde. Fortrinnsvis skal det heller ikkje verte rygga inn på parkeringsområde. Dette område er og tenkt som oppstillingsplass for brannbil.

Sykkelparkering

Det vert sett av eit eige areal til sykkelparkering for både elevar og tilsette.

Detaljar og endeleg plassering av sykkelparkering må gå fram av utomhusplan



Figur 18 Parkeringsareal, med inn- og utkøyring, og renovasjonsområde.

Tilknytning infrastruktur vatn, avløp og overvatn

Teknisk infrastruktur AV, avløpsanlegg (1542)


Det er utarbeidd eigen rammeplan for VAO for Øvrebygda oppveksttun, og det kjem fram av den kva tiltak ein må pårekna og utbetra i det vidare. Det kjem fram at det er manglande kapasitet på VA - anlegget for å oppretthalda VTEK17 preakseptert ytelse på 50 l/s. Pr i dag er ikkje detaljer for nytt modulbygg og evt oppgradering på eksisterande skulebygg avklara og den endelege detaljeringa for området vert handsama i prosjekteringsfasen. I neste fase må ein rådføra seg med brannrådgjevar og inkludera brannvesenet. Det må utførast ein kvalifisert vurdering om kapasitet på slokkevatn. Dette vert ivareteke i føresegna pkt 3.2 for teknisk infrastruktur der det er vist til at utbygging av teknisk infrastruktur skal skje i samsvar med godkjent teknisk plan (M 1:200).

Nytt modulbygg

I følge kartlagde tiltak som kjem med oppføring av eit modulbygg for barnhage i tråd med Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun 4a for nytt modulbygg kjem følgande behov for tiltak til oppgradering. Det vert krav til ny tilkopling til vatn og avløp for det nye modulbygget, saman med ny energiforsyning på 400V.


Flaum

Reguleringsområdet er i nærleiken av aktsomheitssona for flaum grunna ein eksisterande bekk som renn gjennom fylkesvegen via kulvert med ende i Storavatnet. Høgdeforskjellen mellom der skulen er plassert og elva som renn gjennom kulverten og ut i Storavatnet er stor, frå 33,5m til 27,8m som vist i Figur 15 (ref. VAO-rammeplan).



Figur 19: Profil over terrenget ved skulen og ned til bekken, henta frå Scalgo Live (ref. rammeplan VAO).

Ved ei vurdering av 200 års regnhendelse kjem det fram av vatnet ikkje vil stiga nok til at det vil vera ein fare eller risiko for overfløyming ved skulen. Oppføring av modulbygg, vil ikkje føra til auka fortetting eller avrenning, og det er difor ikkje fare for flaum.



Figur 20: Profil og maksimal oversvømmelse med 200-års regnhendelse, hentet fra Scalgo Live (ref. VAO rammeplan).

Overvatn

Situasjonen for overvatn vert ikkje vesentleg endra med den framtidige situasjon. Det er allereie i dag tette, harde, flatar på området, og fjerning av eitt bygg og oppføring av eit midlertidig modulbygg, vil ikkje endra eller forverra dei eksisterande forholda.

Støy

Det er ikkje regulert inn eige areal for støyskjerm til planområdet. Oppføringa av modulbygg vil gje uteområdet ei støyskjerming mot nord, og fylkesvegen. I arbeidet med utomhusplan for uteoppholdsareal vert det anbefala at etableringa av areala for leik- og utomhus områda vert planlagt lengst vekk frå fylkesvegen. Det er låg ÅDT på området og det er ikkje forventa at trafikk støy vert eit problem. Andre støykjelder eller verksemder er ikkje etablerte i nærleiken.

Luftforureining

Etter søk i databasar hos Miljødirektoratet for å finna eventuelle bedrifter i kommunen med registreringar etter forureiningsregelverket kom det frem at det ikkje er spesifikke tal i tilgjengelege dokument for Fitjar kommune.

«Utslipp av klimagasser i Fitjar kommune

Det finnes ikke spesifikke tall for luftforurensning i Fitjar kommune i de tilgjengelige dokumentene. Generelt viser utslippsregnskapet for norske kommuner utslipp av de tre klimagassene CO₂, metan (CH₄) og lystgass (N₂O) fordelt på ni sektorer. Disse sektorene inkluderer industri, olje og gass, energiforsyning, oppvarming, veitrafikk, sjøfart, luftfart, annen mobil forburning, jordbruk, og avfall og avløp 1».

Ein kan på bakgrunn av søk i gjeldande databasar, kjennskap til område og eksisterande lokale forhold slå fast at området for Øvrebygda oppveksttun ikkje har noko utfordring eller problem med luftforureining i sitt område.

Miljøoppfølging

Uteområde er kartlagde med prøveboring, graving, og resultat framkjem av eige notat, vedlagt saka. Det er

ikkje utarbeidd eigen miljøkartlegging for planområde, ved reguleringsarbeidet, det vert eventuelt utført ved prosjektering.

Samstundes må det verte utarbeidd ei søknad om riving av det gamle skulebygget, når ein kjem så langt.

Universell utforming

Nytt bygg for barnehage er bestemt oppført som modulbygg. Det nye modulbygget vil verte oppført i tråd med prinsippa for universell utforming, og er planlagd oppført i 1 etasje..

Velfungerande og funksjonelle omgivningar er viktig for heile befolkninga og for gode lokalmiljø og samfunn. «*Universell utforming er en samfunns kvalitet som bidrar til samfunnets bærekraft, økt likestilling og bedre fysiske og digitale omgivningar for alle*» (ref Handlingsplan «Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge» 2021-2025).

Planområdet vert oppretthalde på same areal som skulen er etablert på i dag, og er eit relativt plant og universelt utforma areal. Det vil verte noko meir utfordrande, og mindre tilrettelagd på det tilhøyrande utearealet mot sør, som vet planlagd som uteområde for barnehagen, men utan at her vert utført ytterlegare tilpassingar på arealet.

Plan for vass- og avløp, tilknytning til offentleg nett

Det er utarbeidd ein rammeplan for VAO for planområde, som del av grunnlagsinformasjon til detaljreguleringsplanen.

6 Verknader av planføreslaget

Landskap/ terreng

Det føreligg ikkje planar om inngrep i terrenget utanføre skuleområde. Ny reguleringsplan og tiltak vil verte utført inne på planområde, og vil ikkje få ei større påverking på areala utanføre.

Staden sin karakter

Staden Øvrebygda har karakter av å i all hovudsak vera eit landbruksområde med spreitt busetting, og gardar i drift, med dyrka mark og beiter. Nokre stadar er det tettare klynger av bustadboligar, einskilde stadar. Det er ein enkel standard på eksisterande fylkesveg som går til planområde, og her er og ein enkel standard på dei eksisterande fortau i område, der dei finnest. Det er ein begrensa kollektiv tilbod, og kommune har i sin «Trafikktryggingssplan 2021 – 2033» slått fast at dei vil jobba for å få eit større fokus og løft i det «trafikantratta trafikktryggingssarbeidet..., med forebyggjande arbeid ved trafikkopplæring i barnehagar, grunnskule og vidaregåande skule, for å lære born og unge trygg trafikk åtferd» (jf. *Trafikktryggingssplan 2021 – 2033*).

Utforming og estetikk

Kommunen har vald å i all hovudsak behalda eksisterande skulebygningar, men riva det eldste bygget og oppføra eit modulbygg for barnehagen. Det er såleis ikkje nye krav til estetikk og utforming som har vore den største vurderinga, eller krav når ein valde utforminga på nye bygg. Det er heilt andre vurderingar som har lege til grunn for val av konsept for å oppretta Øvrebygda oppveksttun.

Omsyn til naboar

Næraste nabo på to sider, vest og sør er LNF område og dyrka mark. Det er ikkje planlagd nokre inngrep eller ytre påverking direkte på nokre av dei areala, og her har vore liknande forhold allereie i lang tid. Ein rekner difor ikkje med nokre nye utfordringar med å etablere barnehage på område og vidareføra barneskulen på staden.

Fylkeskommunen som vegeigar er nabo i nord langs heile plansida, Det er ikkje tenkt nokre tiltak som vil påverka forholda for vegen anna enn det er i dag.

Naturmangfald

Det er gjort ei enkel kartlegging av tilhøyrande areal i sør, for vurdering av eksisterande naturmangfald. Den er vedlagd saken og syner ikkje noko særskilde funn. For øvrig er heile planområde allereie opparbeida, og vert oppretthalde som skule-/ barnehage med tilhøyrande uteområde. Arealet der ny barnehage skal oppførast er bearbeida flater med til dels hardt dekke, både asfaltert, bygde område og eksisterande grusbane.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje gjort nokre registreringar av kulturminne innanfor planområde, eller i tilgrensande areal. Føresegna varetek evt uventa funn på planområde i punkt 2.2.

Det er ikkje kartlagd kulturminne innanfor planområdet eller i umiddelbar nærleik. Det er gjort nokre registreringar noko lenger aust, og nord for planområdet, men dei vert ikkje påverka av reguleringa av planområdet eller etableringa av, og aktiviteten på oppveksttunet.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 vert vurdert.

Friluftsliv og rekreasjon

Det er ikkje kartlagd turdrag, turveg eller sti for friluftsliv innafor, eller igjennom planområdet (kjelde kommunekart). Tilgrensande landbruksareal, dyrka mark ligg utanfor planområdet, og er avskilde med eksisterande gjerde rundt skuleområdet i dag.

Det er ikkje etablert snarveggar som går igjennom eller kryssar planområdet. Tilhøyrande areal som er friområde/ turområde som høyrer til skulen i dag og vil verta vidareførte til oppveksttunet, vert turområde for ny barnehage på området.



Figur 20 Tilhøyrande nærturområde for skuleområde i dag, og i framtida, skogholt i sørvestre del av området.

Planområde er i bruk til barneskule 1-7 klasse. Det har det vore på staden sidan ca 1960-talet, og området har vore i bruk også på fritida, som eit areal for leik og ballspel. Og vert oppretthalde som eit viktig møteområde for ålmenta på fritida.

Området ligg tett ved områder med dyrka mark, og det er såleis ein fin ordning at område er inngjerda og ungar kan leka trygt innanfor gjerde, dersom landbruksmaskinar er i drift utanfor

Det er eksisterande skuleområdet som vert nytta i opprettinga av Øvrebygda oppveksttun, har ingen nye påverknad frå planområde i førehald til dagens bruk som vil verka negativt på omliggande landbruksområde.

Uteområde

Det er sett krav til utarbeiding av ein utomhusplan for oppgradering av uteområde for både småskulen og barnehagen. Det vert og anbefala at utomhusplan vert utarbeid av ein landskapsarkitekt, for å sikra at alle krav vert følgd opp for uteområde for dei ulike aldersgruppene.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det vart bestemt å oppretthalda småskulen på Øvrebygda og samstundes ta inn eit nytt føremål og etablera ny barnehage inn på same planområde. Fitjar kommune som står som tiltakshavar og ei realisering av planføreslaget med oppgradering på området, og etablering av barnehage i nytt modulbygg, vil utløyse økonomiske konsekvensar for Fitjar kommune.

Det er gjort ei grov kalkyle for total sum for oppføring av modulbygg, riving av eitt bygg, strakstiltak og etterslep av vedlikehald for bygg 2, samt ei naudsynt oppgradering av utomhusområde. Det er ikkje ennå teke endeleg stilling til kor mykje av dess utbetringane kommune ser føre seg å gjennomføra, men totalsum for dette var i mars 2025 var 36 mill. I tillegg kjem oppgradering el forsyning, Her vert henvist til Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun (2025-03-13), for ytterlegare detaljer om konseptvalet.

7 Innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeid

Det kom inn totalt 9 merknader til varsel om oppstart i perioden 16.12.2024 – 27.01.2025. Herav 8 frå offentlege instander, inkludera kommunale avdelingar, og 1 frå private, nabo. Det er utarbeidd eit eige samledokument med alle merknader som er vedlegg i sak i «Merknadsvurdering oppstartvarsel Øvrebygda oppveksttun».

Alle merknader er svart opp, og konkret kommentert i samledokumentet.. Så langt ein kan sjå er alle merknader følgt opp så langt som mogeleg i denne fasa av prosjektet. Nokre merknader vil verte følgt opp i proejekteringsfasa, og i arbeidet med utomhusplan for oppveksttunet.

Det er ikkje framkomme særlege merknader som ikkje er ivaretekne eller kommentera så langt i planarbeidet.

Merknader frå offentlige instansar:

1. Fagne AS – 17.12.24
2. Statens vegvesen – 09.01.24
3. Vestland fylkeskommune – 15.01.25
4. Statsforvaltaren i Vestland
5. NVE, 29.01.25
6. Kommuneoverlege, Fitjar, 24.01.25
7. Kultursjef, Fitjar
8. Prosjektleder VA, Fitjar, 27.01.25

Privat merknad:

1. Inge Andreas Waage – 24.01.25 (gbnr 50/1)

8 VEDLEGG

- 1 ARP 10 Planføresegner
- 2 ARP 11 Plankart
- 3 Konseptutredning Øvrebygda oppveksttun (Norconsult Norge AS 2025-03-13)
- 4 ARP 22 Mobilitetsanalyse (Norconsult Norge AS, Haugesund (2025-11-14) Vert ettersent
- 5 RIG-N01 Innleiande geoteknisk vurdering, (Norconsult Norge AS, 2025-08-27)
- 6 VA-01_J01 Rammeplan, Øvrebygda oppveksttun (Norconsult Norge AS, 2025-09-26)
- 7 ROS-100_J01, ROS-analyse (Norconsult Norge AS, Haugesund (2025-10-01)
- 8 Artskartlegging Fitjar kommune 50-11, pdf.
- 9 Kunngjering om oppstart, «50/11 m.fl. Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun», Fitjar kommune, «Varsel om oppstart av planarbeid Øvrebygda oppveksttun» 2024-12-16
- 10 Alle innkomne merknader til varsel om oppstart
- 11 Notat: samledokument innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeid